

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektøren

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

### Hafstadparken i Førde - søknad om utvida medfinansiering

Førde kommune søkte 15.11.2011 om eit fylkeskommunalt tilskot på 15 mill kroner til realiseringa av Hafstadparken. Den førebelse kostnadsramma var på 75 mill kroner + utgifter til infrastruktur på 25 mill kroner. Dei hadde ein finansieringsplan på 100 mill kroner.

Hafstadparken er ein idretts- og aktivitetspark for både organisert idrett og eigenorganisert aktivitet. Det er lagt stor vekt på universell tilrettelegging. Området har stor bruk av alle aldersgrupper.

I FT-sak 63/12 gjorde fylkestinget vedtak om å løyve i alt 12,5 mill kroner til føremålet med fordeling over fire år (2013: 5 mill kr, 2014: 2,5 mill kr, 2015: 2,5 mill kr, 2016: 2,5 mill kr). Fylkestinget ga samstundes uttrykk for at det på eit seinare tidspunkt kunne bli aktuelt å heve løyvningsnivået med inntil nye 2,5 mill kroner.

I brev av 09.02.2016 (vedlegg) søker Førde kommune om at det vert løyvt nye 2,5 mill kroner til anlegget, slik at samla tilskot frå fylkeskommunen vert på 15 mill kroner. Midlane skal, saman med spelemidlar og andre eksterne og eigne kommunale midlar nyttast til å gjere ferdig dei anlegga som enno ikkje er realiserte. I brev av 18.03.16 fekk kommunen melding om at søknaden ville bli handsama i samband med budsjett 2017.

Hafstadparken vart offisielt opna i mai 2015.

Visjonen for Hafstadparken er ein universelt tilrettelagt park for alle. Parken femner om følgjande anlegg:

- To kunstgrasbaner med undervarme
- Skateanlegg
- Rulleskiløype
- Friluftslivs- og trimløype
- BMX sykkelbane
- Fire sandvolleyballbaner
- Parkanlegg med stiar, belysning, møtestader
- Trimpark
- «Møteplassen» – eigne baner for handball, basket, bandy/badmintonstettegruppe, samt buldrestein
- Parkeringsplass for bilar og eigen sykkelparkering
- Klubbhus med garderobar, møterom, kafé og kontor (Førde Idrettslag)

Prosjektrekneskapan for Hafstadparken vart lagt fram og godkjent i Førde bystyre i 31. mars 2016. Rekneskapan viser; etter justert budsjett, eit udekkka behov på 6,1 mill kroner. Dette har

bystyret i Førde gjort vedtak om å dekke (i samarbeid med Førde idrettslag). Samstundes vert det peika på at det enno er enkeltanlegg som ikkje er realisert, slik som kastområde, plashoppbakke, rulleskøyte/isflate, tilrettelegging for hundeklubb og innkjøp av benkar og grillområde. Kommunen og idrettslaget arbeider vidare for å få realisert dette.

Fylkesdirektøren har her henta ut budsjettala frå søknaden i 2012, og ser desse opp mot tala i godkjend rekneskap av 2016:

<b>Finansiering:</b>	<b>Budsjett 2012 søknad)</b>	<b>Godkjendt rekneskap (jf</b>
Spelemidler	10 000 000	13 058 000
Trond Mohn – gåvemidler	10 000 000	20 000 000
Sparebanken Sogn og Fjordane	8 000 000	8 000 000
INU-tilskot	7 500 000	7 500 000
Førde kommune	25 000 000	28 959 680
Sogn og Fjordane fylkeskommune	15 000 000	12 500 000
Andre (gåver og tilskot)	10 000 000	
Sparebanken Vest		1 000 000
Gjensidigestiftelsen		885 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane		300 000
Førde Lions		250 000
Eigenkapital/dugnad (Førde idrettslag)	4 500 000	
Førde IL (klubbhus)		560 000
Mva	10 000 000	8 939 504
SUM	100 000 000*	108 133 016

(\*Justert budsjett viser ein kostnad på 101 952 186 kroner, slik at differansen vert 6,1 mill kroner).

Fylkeskommunal deltaking i realiseringa av Hafstadparken:

Hafstadparken er eit godt døme som vert vist til for andre kommunar i fylket (og landet) som skal etablere idretts- og aktivitetsparker. Det må særleg trekkast fram samlokalisering for utandørs aktivitet som gjer det enklare for ein familie å vere fysisk aktive på same stad.

Anlegget har pr. i dag godkjent 22 spelemiddelsøknader der 9 av desse så langt har fått tildeling. Fleire anlegg for både idrett og eigenorganisert aktivitet (delanlegg for friidrett, tennis, hoppbakke, kunstisflate) vert delfinansiert dei komande åra.

Førde kommune har fått ei løyving på 12,5 millionar kroner fordelt over perioden 2013 – 2016. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje nokon eigen budsjettpost for fylkeskommunalt tilskot til anlegg innan fysisk aktivitet. Fylkeskommunen er også inne i ein periode med innstrammingar og nedskjeringar på alle sektorar. Om vi ser den fylkeskommunale løyvinga i samanheng med løyvingane frå spelmiddelordninga og løyvinga av INU-midler, er vi oppe i 33 mill kroner, noko som tilsvarar om lag ein tredjedel av kostnadane. Hafstadparken er eit viktig og riktig tiltak, og det er vel brukte pengar som er lagt inn for å realisere tiltaket.

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er rom for å imøtekomme søknaden til Førde kommune om ytterlegare tilskot til Hafstadparken innan hovudutvalet sine rammer.